

Grunnskulane i Årdal

Vedtekter SFO - gjeldande frå 01.08.19. Vedteke i K-sak 079/19.

1. FØREMÅL, DRIFT OG FORVALTNING

- A. Årdal kommune si skulefritidsordning skal drivast i samsvar med kommunale planar og vedtak, og etter retningslinjer gjevne av kyrkje -, utdannings og forskingsdepartementet.
- B. Årdal kommune har ansvaret for drift og vedlikehald.
- C. Ordninga er administrativt knytt til grunnskulen.
- D. Grunnskulen sitt foreldreråd og samarbeidsutval er styringsorgan for skulefritidsordninga.
- E. Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga.
- F. Leiaren har ansvaret for den daglege drifta.

2. SKULEFRITIDSTILBODA

Barn i 1. - 4. klasse får tilbod om plass ved skulefritidsordninga.

Barn i 5. - 7. klasse med særskilde behov kan etter søknad få tilbod om plass ved skulefritidsordninga.

Tilboda vert gjevne etter fire alternativ:

- 1. FØR undervisningstid
- 2. ETTER undervisningstid
- 3. FØR OG ETTER undervisningstid
- 4. Skulefritidstilboda: 14-timarstilbod pr. veke etter ein fastsett pris.

3. OPPHALDS OG OPNINGSTIDER

A. Skulefritidsordninga (SFO) har ope mellom kl. 06.45 - 16.00 kvar dag.

B. På årsbasis følgjer opningstida skuleruta for grunnskulen.

For skulefrie periodar (feriar og elevfrie dagar) gjeld følgjande:

SFO held stengt i juleferie, påskeferie og andre elevfrie einskild-dagar, samt i veke 29 og 30 om sommaren.

I haustferie, vinterferie og resten av sommarferien vert tilbodet gjeve både i Øvre Årdal og på Årdalstangen. Påmeldinga er bindande.

Tilbodet vert gjeve uavhengig av antal søkjarar, og organiseringa kan vere i samarbeid med barnehage.

Merk at tilbodet i skulefrie periodar vert organisert etter behov mot betaling, og at dette ikkje må gå ut over barna sin rett til 5 vekers ferie i skuleåret, samt at 3 av desse vekene skal avviklast mellom skuleslutt og skulestart på sommaren.

Ein skal gje eit tilbod der ein kan kjøpa 14 timar pr. veke til ein månadspris fastsett i prislista. Organiseringa av dette gjer ein ved at føresette melder inn / gjer påmelding om tilbod i bolkar, t.d i ein 6 vekers plan, der 14 timar pr veke skal vere bindande.

Tiltaket skal evaluerast etter 1 år.

4. OPPTAK AV BARN

- A. Frist for hovudopptak av barn er sett til 1. februar og vert kunngjort i lokalpressa. Det skal søkjast på fastsette skjema med stadfesting av føresette sine inntekter medrekna trygd. Føresette har plikt til å melde frå til styraren om endringar i økonomiske tilhøve.
- B. Det kan søkjast om opptak gjennom heile året og det blir sett opp ei uprioritert ventelista. Alle søknadane vert vurderte når ein får ledig plass.
- C. Leiaren ved kvar SFO og rektor har ansvaret for opptaket. Det skal reserverast ein plass på kvar avdeling til etter handsaming av klager.
- D. Kvar søkjar skal vurderast særskilt.

Opptakskriterier:

- Barn med nedsatt funksjonsevne eller barn med vedtak frå barnevernet.
- Barn til einsleg forsyttar som er yrkesaktiv eller skuleelev.
- Sambuar vert vurdert likt som ektefeller om dei har budd saman i meir enn 1 år.
- Barn av foreldre der begge er yrkesaktive utover eleven si skuletid.
- Barn av foreldre som har ein ”nøkkelpetanse” som Årdal kommune treng. Dette vert drøfta med rådmannen i kvart einskild tilfelle.
- Barn i 1. klasse har førerett framfor eldre elevar.
- Barn tilvist av fagleg instans, PPT, sosialkontor eller lege.

5. KLAGERETT

- A. Tildeling av plass/avslag på søknad om plass er å rekna som eit einskildvedtak, og Forvaltningslova sine reglar gjeld.
- B. Formannskapet er klageinstans. Klage vert å senda tenesteområdet seinast tre veker etter at melding om vedtak er motteke.

6. TAP AV RETTER/OPPSEIING

- A. Skulefritidsordninga skal seiast opp skriftleg med ein månads varsel.
- B. Oppseiing av plassen må skje innan den 1. eller 16. i månaden. Då har ein plass i SFO til den 1. eller 16. i månaden etterpå.
- C. Etter vedtak av rektor kan barn miste plass dersom:
 - 1. Den føresette ikkje betalar i rett tid
 - 2. Plassen vert nytta utover avtala tid

7. BETALING

Formannskapet vedtek betalingsordningar etter fullmakt frå kommunestyret.

For sein henting av barn vert fakturert med kr 200,-

Det vert betalt for opphald i 10 månader. Betalingsfrie månader er halve juni, heile juli og halve august.

I samband med at barn tek til i SFO i løpet av skuleåret gjeld følgjande reglar:

Byrjar 01. - 15. 1/1 månadsbetaling

Byrjar 16. - 31. 1/2 månadsbetaling

Foreldrebetalinga gjeld frå den datoen barnet får tildelt plass.

8. BEMANNING

Årdal kommunale SFO skal ha ei bemanning tilsvarende 16 born pr. vaksen.

9. SØSKENMODERASJON I BARNEHAGAR/ SKULEFRITIDSORDNING

Utgangspunktet skal vera at det skal betalast fullt for den plassen som er dyrast.

Kommunestyret har fastsett slik søskenmoderasjon, K-sak 74/04:

Barn nr. 2 som går i barnehage/ SFO, får 30 % reduksjon i foreldrebetalinga, andre barn i barnehage/ SFO får 50 % reduksjon.

Det blir ikkje gitt søskenmoderasjon på ferietilbodet til SFO.

Innbetalinga skjer til økonomiseksjonen den 15. i kvar måned. Dei som har gjeve Årdal kommune fullmakt for bruk av AVTALEGIRO, vert automatisk trekt for barnehage/ SFO - avgift kvar måned. Er barnet sjukt og utgjør fråværet ein samanhengande periode på meir enn ein måned, og det ligg føre legeerklæring om barnet sin sjukdom/ fråvær, vert det godkjent fritak frå betaling etter søknad.